

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
Dato: 30.08.2019
Tidspunkt: 11:00 – 15.30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Terje Søviknes, gjekk kl.14.50	Medlem	FRP
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Benthe Bondhus	Medlem	SP
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Mona Røsvik Strømme, gjekk kl.12.00	Medlem	H
Anne Beth Njærheim, gjekk kl. 15.20	Medlem	V
Helge Nævdal	Medlem	A
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Tom Sverre Tomren	Medlem	KRF
Anne Gine Hestetun	Leiar	A
Kari Sørensen Bernardini, frå kl.14.00	Medlem	A
Roald Kvamme	Medlem	A
Synnøve Solbakken, gjekk kl. 15.20	Medlem	A

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Mona Røsvik Strømme, gjekk kl.12.00	Medlem	H
Kari Sørensen Bernardini, frå kl.14.00	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Stein Inge Ryssdal, frå kl.12.00	Mona Røsvik Strømme	H
Kjell Gitton Håland, til kl.14.00	Kari Sørensen Bernardini	A

Merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Kst. fylkesrådmann
Karl Viken	Spesialrådgjevar
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Mette Nora Sætre	Seksjonsleiar, regional avdelinga
Arne Åsan	Fylkestannlege
Nils Endre Grønås	Leiar, Eigedom
Målfrid Vik Sønstabø	Direktør Skyss
Hilde Joranger Mæland	Leiar kommunikasjonsrådgiving
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar
Berit Dianne Kilvær	Spesialkonsulent
Silje Lyngstad	Spesialrådgjevar
Jan Erik Angelskår	Spesialrådgjevar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 157/19	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 158/19	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 159/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 105/19	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. 31.august 2019.	2015/10348	
RS 106/19	Svar på spørsmål om konsekvensar av endringar i lovverket kring arbeidsavklaringspengar	2019/12773	
RS 107/19	Uttale til sak om endra bomstasjonplassering i Åsane bydel	2019/11614	
RS 108/19	Evaluering av sonestrukturen	2015/7302	
RS 109/19	Fellesprosjekt datasenter - BKK, Invest in Bergen og Hordaland fylkeskommune - statusrapport juni 2019	2018/7448	
RS 110/19	LivOGLyst-programmet 2019	2019/15172	
RS 111/19	Oversikt over tilsegn for næringsutvikling i Hordaland per 30.06.2019	2014/10180	
RS 112/19	Status for tiltak knytt til "Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022"	2017/14135	
RS 113/19	Sluttrapport Nærmiljøprosjektet Hordaland 2015/16 -19	2018/771	
RS 114/19	Årsmøteprotokoll frå Årsmøte i Fjordvegen Rute 13	2015/4970	
RS 115/19	Generalforsamling 2019	2014/17146	
RS 116/19	Protokoll generalforsamling Skyttel AS	2019/11082	
RS 117/19	Protokoll fra Generalforsamling for Gløde AS 11.juni.2019	2019/12376	
RS 118/19	Protokoll frå generalforsamling i Opero 10.04.2019	2019/3011	
RS 119/19	Protokoll frå generalforsamling i Carte Blanche AS 2019	2014/11637	
RS 120/19	Handlingsplan for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme	2016/2578	
RS 121/19	Stortingets utgreiingsseksjon - Finansiering av musea	2016/2550	
RS 122/19	Lokal mobilisering mot doping - Rapport 2018/2019	2016/3130	
RS 123/19	Påminnelse med program; Konferansen =Vi 2019 - Kunst og kultur for et inkluderende lokalsamfunn	2017/181	
RS 124/19	Seminar kunst i offentlege rom 2019	2017/181	
RS 125/19	Oppfølging av verbalforslaga i budsjett 2019	2018/11459	
RS 126/19	Utvikling i KOSTRA-tala for administrasjon, styring og fellesutgifter	2016/4239	
RS 127/19	Rutetilbodet for fylkesvegferjene frå 2020	2019/14700	
PS 160/19	Innkomne spørsmål frå politikarane		
FO 18/19	Spørsmål frå Solbakken - A - Konsekvensar av endringar i lovverket for arbeidsavklaringspengar	2019/12773	
FO 19/19	Spørsmål frå Solbakken - A - Reduksjon i ferjeruter	2019/15089	

FO 20/19	Spørsmål frå Oen - SV - Rutine for oppfølging av lov og vedtak for utbyggjar	2019/16012
FO 21/19	Spørsmål frå Solbakken - A - Manglande busstopp på R 48 Valen Porsvik i Kvinnherad kommune	2019/2775
FO 22/19	Spørsmål frå Solbakken -A - Status for veg R 48 Porsvik-Valen?	2019/2775
PS 161/19	Delegerte saker	
DS 3/19	Refinansiering av sertifikatlån / nytt låneopptak	2019/1396
PS 162/19	Ymse	
PS 163/19	Rekneskapsrapport pr. juni 2019	2019/14988
PS 164/19	Omdisponering av kompensasjonsmidlar i Kvinnherad	2018/7348
PS 165/19	Samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland	2019/12000
PS 166/19	Fråsegn til høyring av Regional handelsføresegn – Sogn og Fjordane fylkeskommune	2016/7228
PS 167/19	Dagsturhytter i Hordaland	2019/11237
PS 168/19	TV-aksjonen 2019 - søknad om økonomisk støtte	2019/13468
PS 169/19	Rutetilbodet for fylkesvegferjene frå 2020	2019/14700

PS 157/19 Godkjenning møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Pål Kårbø (KRF) bad om at RS 127/19 vert sett som sak på sakskartet og at den blir behandla etter lunsj.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes å setje RS 127/19 på saklista for møtet utan saksførelegg:

Fylkesrådmannen gjorde framlegg om at PS 165/19 - Samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland utgår. Fylkesutvalet slutta seg til dette.

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjend med merknadane over.

PS 158/19 Godkjenning møtebok forrige møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 20.06.2019 vart godkjend utan merknader.

PS 159/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

RS 105/19-126/19 vart refererte

PS 160/19 Innkomne spørsmål frå politikarane

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

FO 18/19 Spørsmål frå Solbakken - A - Konsekvensar av endringar i lovverket for arbeidsavklaringspengar

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Fylkesordføraren opplyste at svar var gjeve i RS 106/19.

FO 19/19 Spørsmål frå Solbakken - A - Reduksjon i ferjeruter

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Fylkesordføraren opplyste at svar var gjeve i RS 127/19.

FO 20/19 Spørsmål frå Oen - SV - Rutine for oppfølging av lov og vedtak for utbyggjar

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Pkt 1 – Entreprenøren har i den aktuelle saka beklaga avviket på garderobefasilitetar både til Arbeidstilsynet og til Hordaland fylkeskommune. Avviket knytt til garderobeforhold for både kvinner og menn er nå utbetra. Med omsyn til leigd personell frå bemanningsbyrået Skuteviken Personell, så var det i dette tilfellet innanfor arbeidsmiljølova. Informasjon frå Arbeidstilsynet sine heimesider presiserer: *Innleie av arbeidstaker fra virksomhet som har til formål å drive utleie, er tillatt i samme utstrekning som det kan avtales midlertidig ansettelse etter arbeidsmiljølovens § 14-9 første ledd bokstav a til e ...*

Pkt 2 – I rutinar for prosjektgjennomføring, så har HFK koordinatoransvaret under utføring for Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA). Dette inneber at byggherrens representant gjennomfører vernerundar regelmessig – normalt kvar 14.dag. For den aktuelle saka, så var garderobane under flytting og «Brakkeaksjonen» hadde synfaring før første vernerunde var gjennomført med nye garderobar. Slike avvik vil normalt bli registrert og fylgt opp på vernerundar. Når det gjeld arbeidsavtalar som avvik frå norsk lov, så vil det bli gjennomført revisjonar som har som mål å avdekke slike forhold. Det er også etablert ein samarbeidsavtale med lokalt arbeidstilsyn for enkelte større prosjekt. Produktet HMSREG er kjøpt inn nå i sommar og vil bli brukt i oppfølging av desse forholda for alle nye prosjekt.»

Vedlegg

1 Brakkeaksjon 15.08.19 supplerende info BNA

FO 21/19 Spørsmål frå Solbakken - A - Manglande busstopp på R 48 Valen Porsvik i Kvinnherad kommune

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesrådmannen har oversendt spørsmålet til Statens vegvesen og Skyss som svarar i epostar av 29.08.2019:

Haldeplassane i gjeldande reguleringsplan, godkjent i 1974, er truleg ikkje bygd grunna høge kostnader (haldeplassane er plassert inn i terreng der det vil krevja høge skjeringar og fyllingar, i tillegg til at ein må inn på privat grunn). Krav til stoppsikt på det regulerte kryssingspunktet og haldeplassen for nordgåande buss vil heller ikkje vera ivaretatt i den regulerte løysinga.

Kantstoppen for nordgåande buss det vert vist til i avisa vil Statens vegvesen tilrå vert avvikla, grunngjeving for dette er at det her er manglande stoppsikt til kryssingspunktet. Det er ikkje mogleg å etablere perrong og heller ikkje venteskur her, både fordi det er på privat grunn og fordi det vil stengja sikt i avkøyrsla til eigedomen. Det vert skilta kantstopp for sørgåande buss her(på andre sida av vegen), grunngjeving for dette er at her vert passasjerar henta- og satt av på gang- og sykkelveg.

300 meter lengre sør(retning Valen), er det to haldeplassar. Haldeplass for nordgåande buss (retning Husnes) har venteskur, haldeplass for sørgåande buss er vanleg haldeplass. Passasjerar som kjem frå Porsvik har om lag 650 meter å gå frå krysset i Porsvik til desse to haldeplassane. Heile strekninga her har samanhengande gang- og sykkelveg med vegljøs. Desse to haldeplassane vil, etter Statens vegvesen sitt syn, vera dei tryggast og beste å nytta for desse elevane. Skyss svarar at stoppen har vore betjent kontinuerleg sjølv om det ikkje har vore skilta med busstoppskilt på staden.»

FO 22/19 Spørsmål frå Solbakken -A - Status for veg R 48 Porsvik-Valen?

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Fylkesordføraren gav slikt svar:

«Fylkesrådmannen har oversendt spørsmåla til Statens vegvesen Region vest, som svarar i epost av 28.08.19:

«I samband med utrasinga/nedfallet i fjor blei området inspisert av våre driftsfolk og med innleigd geoteknikar. Serleg blei det vurdert om vegfyllinga var sterk nok for å sikre vegbana. I etterkant av dette blei det utført mindre sikringsarbeid som del av dette. Likeeins blei det og vurdert å måle mulege endringar i fyllinga, ved t d siging av vegkant. Så langt er det ikkje vesentlege utslag på dei målingane som krev tiltak. Om det kjem hol i asfalten i området blir dei lappa når dei oppstår. Kjem det lokale «synk» i dekket må vi og avklare kva det er, men ser ikkje dette som fare for stabiliteten i skråninga.

Det har vore fleire møte med kommunen om kven som skal sikre kva i skråninga, grunna bygningane i området. Dette har ikkje funne si løysing, og er framleis ei uavklart sak mellom SVV og Kvinnherad kommune. Avklaring av dette påreknar vi blir slutført i haust.

Elles kan det leggjast til at det i området Reset – Valen og skal byggjast ny GS-veg som del av Kvinnheradpakken. Kor den traceen vil komme er enda ikkje avklara, da kommunen er i ferd med å få fram eit eller fleire skisseløysingar for ein slik trace. Den avklaringa vil og kunne påverke kva tiltak som må gjerast i vegfyllinga.

I tida framover overvakar vi vegområdet for mulege endringar, som vil kunne påverke sikkerheita for vegen i området.

Det føreligg ikkje planar for endring av sjølve veglina i det omtala området, kun bygging av GS-veg
Håpar dette gjer litt meir info om kva som er situasjonen»».

PS 161/19 Delegerte saker

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Delegert sak DS 3/19 vart teken til orientering.

PS 162/19 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Fylkesordfører stilte spørsmål om fylkesutvalet kan godkjenne at publikum kan stille spørsmål under miniseminalet.

Røysting

Fylkesordføreren sitt spørsmål fekk 6 røyster (H, FRP, SV) og fall.

MINISEMINAR

Skyss

Rammevilkår frå konkurransegrunnlaget, prosess rutetid, forslag til rutetid og Handlingsrom

Innledare
Direktør Målfrid Vik Sønstabø

Fjord1

Begrensingar elektrisk drift, handlingsrom kort sikt (biodiesel)

Innledare
Prosjektdirektør Nils Kristian Berge

Maritime CleanTech og Norwegian Electric Systems

Marknadsutvikling, handlingsrom lang sikt

Innledare
Marie E. Launes (MCT)
Stein Ruben Larsen (NES)

Foreiningar o.l.

Innspel

- Brit Bennett - Fjellbergsambandet
- Stig Arild Fosse - Fjellbergsambandet

ORIENTERING

Fylkesdirektør samferdsle Håkon Rasmussen orienterte om «Regjeringa har lagt fram ei ny bompengeskisse.»

OPEN TIME

Benthe Bondhus (SP) stilte slikt spørsmål:

«Ved Austrheim VGS ser det ut til at inntakssystemet står i vegen for at elevar får skuleplass. Har fått opplyst at elevar ikkje får plass på yrkesfag ved skulen, sjølv om det er ledig kapasitet der.

Skulen er tildelt 1/2 klasse tip vg 2 og 1/2 klasse køyretøy vg 2. Elevane er saman i fellesfaga. Det står elevar i kø og ventar på tip vg 2 ved skulen. Skulen har kapasitet for å auka elevtalet, og har kapasitet til å tilby dei både fagutdanninga og fellesfaga, og ynskjer å auka tip vg 2 til full klasse, slik at det totalt vert 1,5 klasse på desse to yrkesfaga.

Er det slik at skulen ikkje får lov av fylkesadministrasjonen til dette, fordi skulen totalt sett må ha heile klassar og ikkje halve klassar. Dette inneber at ei teoretisk tilnærming til måling av klassar pr skule altså inneber at elevar ikkje får skuleplass. Slik kan me ikkje ha det.

1. Kan dette ordnast innan heilt marginale kostnader?»

PS 163/19 Rekneskapsrapport pr. juni 2019

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2019 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Røysting

Det var 14 representantar tilstades.

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2019 til orientering.

PS 164/19 Omdisponering av kompensasjonsmidlar i Kvinnherad

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner omdisponering av kr 17,64 mill. kr i kompensasjonsmidlar frå tiltaket Næringsutvikling i Kvinnherad til tiltaket Infrastruktur Kvinnherad slik at total ramme blir kr 29,350 mill. kr. Ramma fordelast med:

1. Kr 9 700 000 til prosjektet Hellandskrysset på Fv 48 i regi av fylkeskommunen
2. Kr 19 650 000 til prosjektet Lundesvingane på Fv 48 i regi av Kvinnherad kommune.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet godkjenner omdisponering av kr 17,64 mill. kr i kompensasjonsmidlar frå tiltaket Næringsutvikling i Kvinnherad til tiltaket Infrastruktur Kvinnherad slik at total ramme blir kr 29,350 mill. kr. Ramma fordelast med:

1. Kr 9 700 000 til prosjektet Hellandskrysset på Fv 48 i regi av fylkeskommunen
2. Kr 19 650 000 til prosjektet Lundesvingane på Fv 48 i regi av Kvinnherad kommune.

PS 165/19 Samarbeid med Fylkesmannen i Vestland om Jordvernstrategi for Vestland

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen samarbeider med Fylkesmannen i Vestland for å utarbeide Jordvernstrategi for Vestland.
2. Fylkesutvalet ber om at Jordvernstrategi for Vestland blir lagt fram til politisk behandling for politikarar i nye Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 18.06.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen samarbeider med Fylkesmannen i Vestland for å utarbeide Jordvernstrategi for Vestland.
2. Fylkesutvalet ber om at Jordvernstrategi for Vestland blir lagt fram til politisk behandling for politikarar i nye Vestland fylkeskommune.

Saksprotokoll i fellesnemnda - 18.06.2019

Anne Gine Hestetun (A) sette fram forslag om at saka vart utsett.

Røysting

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.06.2019

Pål Kårbø (KrF) sett fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Røysting (til utsetjingsforslaget)

Kårbø sitt forslag om utsetjing vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Saka var trekt frå sakskartet.

PS 166/19 Fråsegn til høyring av Regional handelsføresegn – Sogn og Fjordane fylkeskommune

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at det er lagt ned eit godt grunnarbeid i revideringa av handelsføresegna. Vi registrerar at det er mykje likskap i kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd og Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune har valt ei anna form for sakshandsaming enn krav om samtykke som Hordaland fylkeskommune nyttar. Fylkesutvalet meiner at praktisering av dei ulike ordningane kan bli ei utfordring i utarbeidinga av ein felles plan for Vestland fylkeskommune.

3. Fylkesutvalet rår til at revisjon av Regional handelsføresegn i Sogn og Fjordane vert utsett til eit felles planarbeid i det nye fylket.
4. Dersom Sogn og Fjordane likevel vel å gå vidare med revisjonsarbeidet, rår fylkesutvalet til at behov for m² bruksareal vert inkludert som eit vurderingspunkt i retningslinene for handelsanalyse.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.
Fylkesrådmann sitt forslag punkt 4 fekk ingen røyster og fall.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner at det er lagt ned eit godt grunnarbeid i revideringa av handelsføresegna. Vi registrerer at det er mykje likskap i kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd og Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune har valt ei anna form for sakshandsaming enn krav om samtykke som Hordaland fylkeskommune nyttar. Fylkesutvalet meiner at praktisering av dei ulike ordningane kan bli ei utfordring i utarbeidinga av ein felles plan for Vestland fylkeskommune.
3. Fylkesutvalet rår til at revisjon av Regional handelsføresegn i Sogn og Fjordane vert utsett til eit felles planarbeid i det nye fylket.

PS 167/19 Dagsturhytter i Hordaland

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til modell for dagsturhytter i Hordaland for perioden 2019-2021 slik det er skissert i saka.
2. Løyvinga for 2019, kr 2 mill, skal nyttast til tilskot til bygging av 10 dagsturhytter.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å peike ut deltakar i prosjektgruppe og ressursgruppe for arbeidet.
4. Fylkesutvalet peikar ut ein (1) representant til å delta i styringsgruppa.

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 20.08.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til modell for dagsturhytter i Hordaland for perioden 2019-2021 slik det er skissert i saka.
2. Løyvinga for 2019, kr 2 mill, skal nyttast til tilskot til bygging av 10 dagsturhytter.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å peike ut deltakar i prosjektgruppe og ressursgruppe for arbeidet.
4. Fylkesutvalet peikar ut ein (1) representant til å delta i styringsgruppa.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Benthe Bondhus (SP) setter fram slikt forslag:

«Alexander Fosse Andersen vert representant for å delta i styringsgruppa»

Røysting

Innstillinga punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.
Bondhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til modell for dagsturhytter i Hordaland for perioden 2019-2021 slik det er skissert i saka.
2. Løyvinga for 2019, kr 2 mill, skal nyttast til tilskot til bygging av 10 dagsturhytter.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å peike ut deltakar i prosjektgruppe og ressursgruppe for arbeidet.
4. Fylkesutvalet peikar ut ein (1) representant til å delta i styringsgruppa.
Alexander Fosse Andersen vert representant for å delta i styringsgruppa

PS 168/19 TV-aksjonen 2019 - søknad om økonomisk støtte

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 100 000 som tilskot til TV-aksjonen 2019.

Budsjettet vert endra slik:

14700. 120 930 00	Ymse tilskot	+ 100 000
14900. 720 200 00	Til rådvelde for tilleggsløyvingar	- 100 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Røysting

Fylkesrådmann sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 100 000 som tilskot til TV-aksjonen 2019.

Budsjettet vert endra slik:

14700. 120 930 00	Ymse tilskot	+ 100 000
14900. 720 200 00	Til rådvelde for tilleggsløyvingar	- 100 000

PS 169/19 Rutetilbodet for fylkesvegferjene frå 2020

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.08.2019

Fylkesutvalet sette sak RS 127/19 «Rutetilbodet for fylkesvegferjene frå 2020» på sakskartet som politisk sak utan saksførelegg.

Pål Kårbø (Krf) sette på vegne av A, Krf, Sp og SV fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.

Fylkesutvalet bed rådmannen å koma attende med sak til neste fylkesutval, som synleggjer meirkostnaden og miljøkonsekvensene dersom ein legg gjeldande ruteproduksjon til grunn.»

Røysting (til utsetjing)

Kårbø sitt forslag vart vedteke med 8 røyster (A, Krf, Sp, SV) og vart vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Fylkesutvalet bed rådmannen å koma attende med sak til neste fylkesutval, som synleggjer meirkostnaden og miljøkonsekvensene dersom ein legg gjeldande ruteproduksjon til grunn.